

**Referat frå første møte og Årsmøte Sunnfjord KFU 17.10.2019 kl.19.00- 21.15 Rådhuset i Førde.**

Gjennomgang av oppmøte:

- Bygstad skule: Trine Lise Sagmo FAU-leiar  
Hilde Marie Solheim FAU-nestleiar
- Flatene skule: Geir Are Strømness FAU-leiar , meldt forfall  
Mariann Olga T. Flo FAU-nestleiar
- Frøysland skule: Anne Karin Nes FAU-leiar  
Ingunn Rørvik FAU-nestleiar, møtte ikkje
- Førde Barneskule: Øyvind Johan Korsøen FAU-leiar  
Gunvor Beate Bjordal Solvik FAU-nestleiar
- Førde Ungdomsskule: Jarle Øen FAU-leiar
- Halbrend skule: Lin Hjelmeland Finjord FAU-leiar  
Reidun Brekke FAU-nestleiar
- Holsen skule og barnehage: Gert Høgseth FAU-leiar  
Svein Tore Helgås FAU-nestleiar
- Karstad skule og barnehage: Janette Sund FAU-leiar , møtte Edson Hellebø vara  
Jens Kristian Bjørkedal FAU-nestleiar
- Naustdal skule: Steinar Kleppe FAU-leiar  
Arne Kringlen FAU-nestleiar
- Sande skule: Trude Hansen Folkestad FAU-leiar  
Line Senneseth Råheim FAU-nestleiar. Møtte vara: Marit Solveig Nedrebø
- Skei skule: Tone Støylen Holgersson FAU-leiar  
Halvard Avdem FAU-nestleiar Møtte ikkje
- Slåtten skule: Roger Midtbø FAU-leiar Møtte ikkje  
Roger Eide FAU-nestleiar
- Sunde skule: Elin Botnen Viken FAU-leiar  
Renate Bolseth FAU-nestleiar Møtte ikkje
- Vassenden skule: Henning A. Hellebust FAU-leiar  
Kjartan Hauger FAU-nestleiar
- Vevring skule og barnehage: Eli B. Svortevik FAU-leiar Møtte ikkje

Roy Henning Veiesund FAU-nestleiar Møtte ikkje

Viksdalen skule: Hildegunn Hoff Hana FAU-nestleiar  
Linda Sjølvberg Storøy FAU-nestleiar  
Kommunalsjef: Åge Stafsnes  
Mobbeombod: Aina Drage

### **SAK 01-19/20 Mål for Sunnfjord KFU (Sak frå leiar)**

*Vedtekter. Forventningsavklaring. Heim-skule-kommune.*

*Rolleforståing. Kva er vi for elevane våre? Kor skal vi? Korleis kjem vi dit?*

Intro:

- Elevar blir sett av foreldra og lærarar
- Mange ressursar i FAU
- Korleis dreg vi lasset
- Utgangspunkt i vedtektene i gamle Førde KFU

Vedtektene.

Førde kommune → Sunnfjord kommune

Gjennomgang av vedtektene som vart diskutert og korrigert undervegs.

- Kva skulle ein legge opp til? Velje for eit eller 2 år?

Vedtak:

- Ingen krav om 2 års binding ved val.
- Medlemmer til KFU skal være klar på vårhalvåret.

## **VEDTEKTER Sunnfjord KFU (kommunale foreldreutval)**

### **1. FØREMÅL**

KFU skal vere eit samordnande og koordinerande organ for foreldreråda ved alle grunnskulane i Sunnfjord kommune og ha som føremål å:

- arbeide for å fremje eit godt samarbeid mellom foreldra, skulen, skuleadministrasjonen og politiske vedtaksorgan i Sunnfjord kommune
- vere eit høyringsorgan og eit rådgjevande organ på vegne av foreldra ved alle grunnskulane i kommunen
- drive informasjonsarbeid og idéskaping og hjelpe til med erfaringsutveksling og foreldresamarbeid mellom dei ulike grunnskulane i kommunen
- leggje til rette for større foreldreengasjement for at kvar elev skal få best mogleg utbytte av skulegangen sin

## 2. ORGANISERING

### 2.1 Samansetninga av utvalet

KFU er samansett av FAU-leiarane, samt nestleiarane eller annan representant frå FAU-styret frå kvar grunnskule i Sunnfjord kommune, valt av arbeidsutvalet for foreldrerådet (FAU). Dei valde har møte- og informasjonsplikt i FAU.

### 2.2 Valordning

**KFU vel leiar, nestleiar og sekretær ved kvart årsmøte.**

## 3. MØTEORDNINGAR/SAKSGANG

### 3.1 Møte

KFU held møte når leiaren, (den som har det administrative ansvaret for skulesaker i kommunen), eller 2/3 av medlemmene krev det. Det blir sett opp ein møteplan for kvart halvår. KFU får innkalling til møta to veker på førehand. Den administrative leiaren for skulesaker i kommunen eller representant for dette organet, har møte- og talerett i KFU, men ikkje stemmerett. Med omsyn til saker som KFU vil ta opp, kan KFU invitere personar som ikkje er medlemmer, til å vere med på møtet med talerett. Det skal haldast årsmøte innan 1. november kvart år.

### 3.2 Voteringar

Saker som blir tekne opp og krev votering i KFU, blir vedtekne med simpelt fleirtal. Det er 1 stemme pr. skule. Ved likt antall stemmer, har leiar dobbeltstemme. KFU krev 2/3 oppmøte for å vere vedtaksdyktig.

### 3.3 Saksgang

KFU fører møtebok og sender fråsegner og referat frå møta til alle representantar i KFU, kommunalsjef, utvalet som har ansvar for skulesaker i kommunen, skuleadministrasjonen, grunnskulane og FAU ved skulane. Referata blir sendt til skuleadministrasjonen i kommunen for arkivering og publisering på internett.

### 3.4 Saker

KFU skal konsentrere verksemda si om større saker der det er naturleg eller ønskjeleg å stå fram samla på vegne av skulane/FAU-utvala.

KFU avgjer sjølv kva saker dette gjeld:

- etter egne framlegg
- framlegg frå dei ulike FAU ved grunnskulane i kommunen
- framlegg frå skuleadministrasjonen ved grunnskulane i kommunen

Sakene bør gjelde alle skulane i kommunen eller grupper av dei, men i spesielle tilfelle kan ein òg handsame enkeltsaker som gjeld berre éin skule, men som har allmenn interesse.

## 4. REPRESENTASJON I HOVUDUTVAL FOR SKULE OG KULTUR

Så langt regelverket/reglane gir heimel for det, kan KFU møte med ein representant med talerett i utvalet som har ansvar for skulesaker i kommunen. Representanten er leiaren i KFU, nestleiar er vara.

## 5. ØKONOMI

KFU kan i samband med spesielle prosjekt/arbeidsoppgåver søkje om midlar utover skulebudsjettet.

## 6. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Berre årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene. Vedtak om vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene.

## 7. OPPLØYSING

Å løyse opp organisasjonen krev 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene på årsmøtet. Dersom oppløysinga blir vedteken, skal eventuelle midlar til organisasjonen delast likt mellom alle FAU som er representerte i KFU.

### Sunnfjord kommunale foreldreutval

Vedteke i årsmøte 17.10.19

#### Sak 2- 19/20 Fire gode kommunar til ein storkommune (Sak frå leiar)

*Trygg skulekvardag og god kultur for alle elevane våre.*

*Kva innebær kommunesamanslåinga for elevane i dei 16 grunnskulane?*

Vidareføring av viktige, positive faktorar.

Dette var viktige moment som vart lagt fram

- Sande og Naustdal stiller seg bak Polen-tur, og at denne ikkje forsvinner → dugnad
- Ta i bruk skuleanlegga på best mogleg måte
- Sande/ Bygstad: Økonomi til Trivselskveld
- Vassenden: Jobbe mot mobbing
- Polen-tur: Skal det være haldning til dette politisk sett?
- Viksdalen: Behalde hetrogenitet mellom skulane, behalde dei lokale styrkane.
- Polen-tur engasjerte så sterkt at det vert eiga sak på neste møte
- Opne for likskap. Rektor skal ikkje ta endeleg avgjerd
- Tilboda skal være like undervisningsmessig
- Sunnfjord kommune må regulere «gratis-prinsippet» godt. Utfordrande på større skular kanskje?
- Utnemnst ei gruppe som jobbar med dette (blir nedsett på neste møte)
- «Drømmeskulen» Mentorordning → Fadderordning

#### Sak 03-19/20 Firedagarsveke/femdagarsveke (Sak frå Bygstad FAU)

Høve for lokale tilpassingar?

- Mot 5-dagsveke. Lang skuleveg i distrikta. Kanskje fornuftig å behalde ei 4-dagsveke. Viksdalen, Frøysland, Bygstad og Sande gjekk inn for 4-dags

- Naustdal → fleirtal for 5-dagsveke. 4-dager gjev lange dagar
- Fellesnemda: Legg opp til 5-dagsveke, men gjev dispensasjon i ein overgangsperiode. Dei treng foreldra sine innspel.
- Ein må primært tenke på barna og deira læringsmiljø.
- Skriv ned synspunkt som vilkår inn til det nye kommunestyret.
- KFU kan kanskje støtte seg bak at skulane kan vurdere sjølv?
- Saka skal takast opp att på neste møte.

#### **Sak 04-19/20 Val**

*Val av nytt styre: leiar, nestleiar og sekretær*

Det vart foreslått kandidatar, som vart valt med akklamasjon, etter at dei hadde fått sagt sitt om ein var viljug å stille.

Leiar: Roger Eide (Slåtten skule i Førde)

Nestleiar: Steinar Kleppe (Naustdal Barne og ungdomsskule)

Sekretær: Marit Solveig Nedrebø (Sande skule i Gaular)

#### **Sak 05-19/20 Informasjon frå Kommunalsjef skule, Åge Stafsnes**

Stafsnes orienterte litt om prosessen vi er i no.

#### **Sak 06-19/20 Informasjon frå Mobbeombod, Aina Drage**

Drage fortalde om korleis mobbeombodet arbeider. Det er primært foreldre som tek kontakt, ofte når det blitt låst mellom heim og skule.

#### **Sak 07-19/20 Ymse**

Prosjektet «Hallovenn» er utsett til neste år.

Referenter: Steinar Kleppe og Marit Solveig Nedrebø